

Billig fot-ty.

Dei kjem seint dei betre tidene! Pengane sitt faste ein stad langt borte visst, i alle høve er dei vanskelege å få tak i endå om ein nøiter seg og tek i med eit slag arbeid. Men munane som skal mettast, er der no som før. Borna kjem og krev sitt. Dei veks og vil trivast so det er alle grunn til å gledjast — berre det ikkje var for alt som til skulde.

Det kom ein mann i dag og klaga seg: Han hadde so nok med å skaffa mat. Og no skulde dei ha klæde — og sko til vinteren. Han visste seg inga råd.

Og eg ser det, stakkarane, dei er sko-lens. Det er berre filler og inkjevetta. Ikkje berre på ein stad, men hjå mange. Og det er vel det Vår-Herre ser og sidan han har sendt dette herlege veret denne sumaren. Men vinteren kjem nok trass alt han. Og då — ?

Eg kan ikkje la vera å tenkja på min eigen barndom då eg var stedd i same knipa. Det fanst ikkje pengar i hus — og ikkje i sko. Men me måte ha noko på føtene. Ei råd måtte det verta. Å gå til fatigrådet var ikkje tale om. Ingen bruka det andre enn nokre gamle utslitne gjenter på 60—70 år.

Og so vart det ei råd. Han far var hendig. Og i skogen stod bjørka ferdig. I kjellaren låg gamle utslitne sjøstyvlar. Småspikor fekk me på butikken for nokre få øyre. So sette han far seg til om kveldane og laga «trelappar», trekloggor kallar vist sume det, men trelappar er beste namnet; for det var sko med lappar av god bjørk. Til øverlær og hæl hadde han gamalt lær og då det ikkje rakk lenger, tok han heimegarva grise-ler. Men om det vart kjøpt på butikken, so vart det ikkje ho mange øyre på kvart trelapp par.

Overlæret vart bløytt og strekt og bent kring ein høveleg stor leist. Det stod til det hadde turka noko — og so spikra ein det på trelappane.

Og det vart vel gode saker! So varme og gode — og billege! Berre nokre øyre kosta det! Tvo strømpepar kunde ein ha på foten — eller holen i trelappen. Me gjekk på skulen i det og.

Eg var eldste guten og måtte snart ikkje berre halda meg sjølv med slikt fot-ty, men laga åt hine og ilag med han far. Det var tvo par for året åt kvar som i huset var — so visst som året kom. Når dei vart litt slittne, slo me gamalt ler opunder.

Men det var det eg vilde ha sagt: om det ikkje kunde gå an no og? Skogen står her so herleg fin og ferdige. Haustkveldane er lange og byd alle ein til innarbeid. Alle skulde på denne måten få det varmt på beina.

Eg ser for meg alle desse som gjeng og verkjer for det borna ikkje kan få seg. Dei våkar om natta og sveltar seg om dagen. Og modet visnar burt. Eg klør i fingrane etter å få læra desse folka å laga trelappar. Kunde ikkje nokon som har betre høve til dette enn eg, gjera noko for at dette fottyet kom i meir i bruk? Kommuna vilde spara pengar, og i heimane vilde det verta ej sorg mindre.

Simon Eikrem
[lærer i Lenvik]